



Arkivnr: 2014/11899-3

Saksbehandlar: Anne Mette Nesje Porten

Saksframlegg

Saksgang

Utvål	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		13.05.2014

Tildeling av tilskot til fysisk aktivitet for barn og unge 2014

Samandrag

Fylkestinget vedtok 12.-13. desember 2013 ei tildeling på kr 900.000 til «eksterne tilskot til barne og ungdomstiltak knytt til fysisk aktivitet og idrett». Retningslinjer for tildeling av desse midlane vart vedteken av Kultur- og ressursutvalet i møte 22. januar 2013.

Søknadsfristen var 15. februar. Det kom inn 25 søknadar med godkjent søknadssum kr 1.313.000,-. Tildelinga er sett i samanheng med andre statlege og fylkeskommunale tilskotsordningar innan fysisk aktivitet, idrett, friluftsliv og folkehelse.

Forslag til vedtak

Kultur og ressursutvalet fordeler over tilskotsordning til fysisk aktivitet og idrett for barn og unge, budsjettpost 400.420.10.14700, kr 900.000,- slik;

Søkjjar	Kommune	Søkt	Vedtak
4 H Hordaland	Bergen+ fleire	35000	35000
Bydelsbloggen	Stord	48000	48000
Unneland Grendalag	Bergen	40000	30000
Fjell kommune/Straume helsestasjon	Fjell	40000	20000
Idrett Bergen Sør	Bergen	50000	50000
FAU ved Liland skole	Bergen	40000	30000
Bremnes Idrettslag	Bømlo	25000	25000
Austrheim motorsport club	Austrheim	15000	15000
Venjar Symjegruppe	Fusa	20000	20000
Voss kommune	Voss	40000	30000
Askøy kommune	Askøy	40000	40000
Hordaland Idrettskrets	Bergen + fleire	100000	100000
Bergen Kickboxing Klubb	Bergen	30000	30000
Vaksdal kommune	Vaksdal	100000	75000
Hordaland Bedriftsidrettskrets	Bergen	60000	60000
Bergen og Hordaland Turlag	Bergen	100000	100000
Sportsklubben Djerv	Bergen	15000	15000
Knarvikmila/aks 77	Lindås	100000	62000
Stiftelsen Bergen Fysioterapisenter	Bergen	50000	40000
Seaway Oceansport Club	Austrheim	100000	75000

Avslag

Fitjar og Stord Hundeklubb	Fitjar og Stord	50000	0
KRIK Kvam (Kristelig Idrettskontakt)	Kvam	20000	0
Studentlekene Bergen Challenge	Bergen	50000	0
Hordaland Idrettskrets	Bergen	100000	Får tilsegn i anna ordning
Kinsarvik Idrettslag	Ullensvang	45000	Får tilsegn i anna ordning

Johnny Stiansen
fung. fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 22.04.2014

Hovudmålet i gjeldande Fylkesdelplanen fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv (2008 – 2012) er at flest mogleg skal kunne vere aktiv kvar dag nær der dei bur. Skilnaden mellom dei fysisk aktive og dei inaktive aukar. Størst helsevinst er hjå dei som ikkje er i fysisk aktivitet. Utfordringa er å gjere dei aktive og sunne vala enkle for innbyggjarane og såleis redusere helseskilnader mellom sosiale lag, etniske grupper og kjønn. I dei viktige barne- og ungdomsåra vert haldningar og aktivitetsmønster innarbeidd. Det er viktig å leggje til rette for god aktivitet m.a. gjennom rimelege og uforpliktande aktivitetstilbod i opne idrettsanlegg for barn og unge, der dei kan få prøve ut ulike typar aktivitetar. Skulen er ein viktig arena for å nå alle. Tilrettelegging for organiserte og eigenorganiserte aktivitetar gjev grunnlag for ein meir aktiv skulekvardag. Målet er ein time dagleg fysisk aktivitet.

Fylkestinget vedtok 11. -12. desember 2012 ei ny ordning: «eksterne tilskot til barne og ungdomstiltak knytt til fysisk aktivitet og idrett». Kultur- og ressursutvalet vedtok i møte 22. januar 2013 retningslinjer for tildeling av desse midlane. Føremålet med ordninga er å få fleire barn og unge i Hordaland aktiv kvar dag i sitt nærmiljø.

I retningslinjene for tilskotsordninga er det lista opp følgjande innsatsområder som vil verte prioritert;

- a) lågterskelaktivitet som inkluderer inaktive barn og unge
- b) hindre fråfall frå organisert aktivitet for ungdom
- c) eigenorganisert aktivitet for ungdom
- d) minst ein time fysisk aktivitet kvar dag i grunn- og vidaregåande skule.

Det er lagt til grunn følgjande vilkår for tildeling;

Midlane skal gå til prosjekt som gjer dei aktive vala enkle for barn og unge i deira nærmiljø.

Det kan ikkje søkast om tilskot til anlegg og ordinær drift av aktivitetar.

Tilskot til tiltaket kan ikkje overstige 50 % av den totale kostnaden.

Tiltaket må gjennomførast innan utgangen av tildelingsåret.

Retningslinjene legg opp til eit stønadsnivå frå kr 10.000,- til kr 100.000,-. Kommunar og frivillige organisasjonar kan søkje om tilskot frå ordninga.

Tilskotsordninga vart lyst ut 24. januar 2013 med søknadsfrist 1. mars. Det kom inn 63 søknader. Samla kostnadssum var kr 6.732.180,- og samla søknadssum er kr 2.382.200,-. I år var fristen endra til 15. februar. Det kom inn 25 søknader med ein samla kostnad på 6.426.624,- og samla søknadssum på 1.313.000,-. Dette er langt færre enn i fjor. Tildelinga av tilskot til barne- og ungdomstiltak er knytt til fysisk aktivitet og idrett og er samordna med øvrige fylkeskommunale og statlege tilskotsordningar innan folkehelse, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. I sakshandsaminga har alle søknadane vorte vurdert samla og eventuelt flytta til andre tilskotsordningar der dei passar best i høve føremålet med ordninga.

Fylkesrådmannen har valt å vektleggje prosjekt der målgruppa er medverkande, der det er samarbeid mellom ulike aktørar og der vi ser ein overføringsverdi til andre organisasjonar/kommunar. I tillegg er det prioritert større summar til færre prosjekt. Dette har ein betre effekt på gjennomføring og vidareføring av dei ulike tiltaka.

Frå 2015 ynskjer fylkeskommunen å presisere i utlysninga at det ikkje kan søkjast om tilskot til tiltak som har pågått i meir enn tre år. Etter dette må søknaden rettast mot utvikling og overføring av det opprinnelege prosjekt.